

Frå: Fylkesmannen i Hordaland

Til: Justisdepartementet, Kriminalomsorgsavdelinga

Høyringsuttale – frigang frå første dag.

Fylkesmannen i Hordaland i Hordaland har motteke framlegg om regelendingar som opnar for frigang frå første dag. Justisdepartementet viser til “St.meld.nr. 37 (2007-2008) “*Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn*” der departementet vurderer om ein bør gje frigang allereie frå første dag av straffegjennomføringa dersom det blir sett på som tryggingsmessig forsvarleg. Departementet peikar særleg på at unge innsette bør få frigang som tidleg som mogeleg. Departementet gjer framlegg om endringane i regelverket for å styrkje tilbakeføringsarbeidet, og etter dette kan §3-14 første lekk lyde slik:

Domfelte kan påbegynne frigang fra første dag av gjennomføringen, dersom den idømte fengselsstraffen ikke overstiger 1 år.

Fylkesmannen i Hordaland som er delegert det nasjonale ansvaret for opplæring, vurderer regelendinga §3-14 med frigang frå dag 1 som svært positivt. På denne måten kan mange innsette få oppretthalde kontakten med skole og arbeid på ein heilt annan måte enn i dag, ikkje minst vil ei slik ordning vera viktig for dei heilt unge som kjem i fengsel. Ved denne regelendinga vil også normaliseringsprinsippet bli tydeleggjort.

Ved å gå inn i *Kriminalomsorgens årsstatistikk 2010 Sittetid i fengsel (domfelte)* og Statistisk sentralbyrå tabell 42 *Fengselsdommer, etter utmålt straff, kjønn og alder, 2009* ser vi at denne regelordninga vil omfatte mange domsinnsatte. Mange forskingsrapportar ned gjennom tidene har peika på meir bruk av frigang som eit viktig tiltak for å ha kontakt med normalsamfunnet gjennom skole og arbeid, og dermed vil ei slik regelending også kunne ha ein kriminalitetsførebyggjande effekt. Det er i dag opplæring i alle fengsel, men opplæring i kriminalomsorga vil aldri kunne greie å tilby alle opplæringstilboda som vi finn i det ordinære skoleverket. Gjennom denne regelendinga vil innsette få ta del i eit mykje breiare opplæringstilbod som i større grad kan vera tilpassa deira behov.

Fylkesmannen i Hordaland støttar fullt ut regelendinga i §3-14 om frigang frå dag 1 for dei som har ei fengselsstraff som ikkje går utover 1 år.